



Notat

Dato: 25.08.2017
Arkivsak: 2017/8269-6
Saksbehandlar: gunradd

Til: Hans-Christian Engum

Frå: Gunhild Raddum


Ber om innspel - Planprogram for KDP Knarvik og Alversund - Lindås kommune

Lindås er ein kommune i vekst, og utarbeiding av ein KPD for Knarvik og Alversund er eit viktig grep for å førebu kommunen på korleis veksten skal handterast. I tråd med nasjonale og regionale retningslinjer vert det lagt opp til fortetting, og samordna areal- og transportplanlegging. Utfordringa for kommunen er lange avstandar og spreidd busetting og bilbaserte reiser. Kommunen viser vilje til å snu denne trenden i planprogrammet. Utviklinga skal skje langs eksisterande kollektivaksar, og det skal etablerast infrastruktur for gang- og sykkel.

Det er eit riktig grep å fokusere på eit større område for å sikre heilskapleg planlegging. Samstundes er det viktig å ikkje «gape for høgt». I første omgang er det viktig å ta dei riktige grepa for å utvikle Knarvik til eit velfungerande regionsenter. Dette er eit senter som er prega av både gjennomgåande trafikk og av tilreisande som kjem med privatbil. I samband med høyring av Kommeplanens samfunnsdel peika fylkeskommunen på utfordringar knytt til utviklinga av Knarvik. Det vart her skissert opp moglege løysingar, som til dømes aktiv satsing på sykkel ved å inngå sykkelbyavtale med Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune.

Samferdselsavdelinga er kjent med kartlegginga som Multiconsult har utført på vegne av Byregionsamarbeidet. Her er eit utval av sykkelstrekningar inn mot Knarvik vore vurdert. Det er gjort greie for dagens standard og forslag til forbetringar. Kommunen har gjennom denne kartlegginga verdifull innsikt i korleis infrastruktur for dei som sykklar kan forbetras og framstå som meir attraktive. Samferdselsavdelinga vil oppmode kommunen om å prioritere utbetring av sykkelanlegg rundt Knarvik med utgangspunkt i kartlegginga som er gjort av Multiconsult.

Kollektivstrategi for Hordaland legg vekt på å utvikle eit godt kollektivtilbod der flest reiser. Dette inneber at kommunane i sin arealplanlegging bygger opp om eit utbyggingsmønster der det er gangavstand til kollektivhaldeplass. Figuren under illustrerer samanhengen mellom arealplanlegging og kollektivtransport.



I den vidare planprosessen vil transportbehov vere viktige utgreiingstema. Sentralt i dette arbeidet er å legge forholda tilrette for gang- og sykkel og kollektivtransport. Skyss kan bidra med grunnlagsdokumentasjon og faglege vurderingar for å sikre eit meist mogleg hensiktsmessig kollektivtilbod. Skal kommunen lukkast med å gjere Knarvik mindre bilbasert, må det og gjerast ein grundig vurdering av kva parkeringspolitikk som skal gjelde i regionsenteret.

I den vidare planprosessen må det og takast høgde for at val av ny trase for E39 kan skape forseinkingar og usikkerheit.